



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5357 - 22/73207

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2022

Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 331/2 Håtuft

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan og bygge- og delegrense mot vatn.
Byggjestad: Gbnr 331/2
Tiltakshavar: Andreas Lindtner, Aril Lind Dragesund, Lisa Skyberg, Tordis Johanna Åsebø Nikolaisen
Heimelshavar: Tordis Johanna Åsebø Nikolaisen

Saka gjeld søknad om frådelling av naustetomt rundt eksisterande naust. Tomta er oppgjeven til å vera 61 m². Tomta ligg ved Hestdals vatnet som er drikkevasskjelde for Alver kommune.

Gbnr 331/2 er registrert med eit areal på omlag 63 da i matrikkelen og er bygd med diverse hus. Det er ikkje registrert andre naust i matrikkelen enn det som no vert søkt frådelt.

Naustet som no vert søkt frådelt vart bygd nytt for 3 år sidan på eksisterande murer. Dåverande Meland kommune gav i administrativt vedtak saknr. 121/08 datert 05.06.2018 dispensasjon frå den generelle byggegrensa i kommuneplanen på 50 meter mot vassdrag. Dispensasjonen vart gjeven for riving og gjennomføring av naustet.


Det er ikkje lagt fram erklæring om rett til tilkomst til naustet. Tiltakshavar oppgjev at han har parkering på hyttetomta si som ligg ovanfor naustet og at det er gangavstand til naustet. I følge matrikkelen eig tiltakshavar gbnr 331/10.

Det har kome nye eigarar på avgjevareigedomen, gbnr 331/2, etter at søknaden vart sendt inn. Tidlegare eigar opplyser at nye eigarar er kjende med søknaden og opprettheldt denne. Dei har skrive under på skøyte for naustetomta, men med oppe felt for nytt bruksnummer.

Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Meland (KDP). Arealet ligg også innanfor sikringssone H190_1 Rylandsvassdraget – verneplan for Rylandsvassdraget.

Kart



Frå situasjonsplan



Oversiktskart



Ortofoto 2019

VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål LNF i KDP og bygge- og delegrense mot vatn. Dispensasjonssøknaden er grunnjeven slik:

- Jeg har til nå hatt bruksrett til bruk av nøstet ("til evig tid", ifølge selger).
- Nøstet var gammelt og falleferdig, og for 3 år siden fikk jeg løyve til å bygge nytt nøst på eksisterende murer. Og dette ble gjort.
- Jeg har robåt i nøstet og ønsker å kunne bruke den videre.
- Det vil ikke bli gjort noen ting rundt nøstet, som kan hindre beiting el.l.
- Jeg har parkering på egen grunn ved hytten.
- Det er gåavstand til nøstet. Bare spaseretur over gressvallen.

Naustetomta ligg innafør nedslagsfelt for drikkevasskjelde.

Jordlova

Ber om uttale/ vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andreas Lindtner, Aril Lind Dragesund, Lisa Skyberg, Tordis Johanna Åsebø Nikolaisen Aril Lind Dragesund	Morvikbotn 78 Storehaugen 9	5304	Hetlevik
---	--------------------------------	------	----------

Mottakarar:

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve) Region Vest	Naustdalsvegen 1B	6800	Førde
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen